

Notat

Går til: Styret i Helse Vest
 Føretak: Helse Vest RHF
 Dato: 19.01.2011
 Frå: **Administrerende direktør**
 Sakbehandlar: **Terje Arne Krokvik**
 Saka gjeld: **Rentebinding av lån til investeringar**

**Administrerende direktør si orientering pkt 4
 Styresak 015/11 O**

Styremøte 03.02.2011

Bakgrunn


I møte den 14. desember 2005 under sak 115/05 O "Handtering av lån – eventuell rentebinding" blei det gjort greie for prinsippa som blir lagt til grunn for vurdering om eventuell binding av renta på lån til investeringar.

I avveginga mellom lågast mulig rente og lågast mulig risiko er det lagt opp til følgjande spreing av renta på lånevolumet:

- Ca 25 % av innlånsvolumet har flytande rente
- Ca 25 % av innlånsvolumet har fast rente
- Resterande del av innlånsvolumet blir vurdert i høve til marknadssituasjonen.

Kommentarar

Den flytande renta for første halvår 2011 er fastsett til 2,66 %. Fastrenta pr. 1/1-2011 er sett til 2,93 % på 3 års binding, 3,50 % på 5 års binding og 4,04 % på 10 års binding. Utviklinga i fast og flytande rente på lån til investeringar kan illustrerast i følgjande diagram:



Fastrenta på investeringslån hadde sitt lågaste nivå i 2. halvår 2010. Fastrenta har no auka frå 3,03% til 3,5% for rente med 5 års binding, medan den flytande renta viser ein svak nedgang frå 2,75% til 2,65%. Det er sjølvsagt usikkert korleis renta vil utvikle seg i åra som kjem. Renta for 10 års binding er høgare enn 5 års binding. Dette kan vere ein indikasjon på at renta vil stige på sikt.

Pr. 1/1-2011 er det 3 lån som har hatt ei fastrente sida 2006 som vil gå over på flytande rente dersom ein ikkje velgjer å binde renta for ein ny periode. Fordeling mellom fastrente og flytande rente vil då vere som følgjer:

	Saldo 1/1-2011	Fordeling
Fastrentelån pr 1/1-2011	1 353 340 063	64,7 %
Lån med flytande rente pr. 1/1-11		
- Lån nr. 1, 2 og 3 - bindingstid løper ut 1/1-2011	574 532 949	27,5 %
- Byggelån - flytende rente	162 537 673	7,8 %
SUM lån	2 090 410 685	100,0 %

Det er tre lån som det no er aktuelt å vurdere rentebinding på. I tillegg vil den delen av byggjelån som blir konvertert til langsiktig lån pr. 1/1-2011 vere aktuell å vurdere opp mot fastrente. For ikkje å komme i konflikt med finansstrategien om minst 25% flytande rente, er det berre delar av dei aktuelle låna ein i prinsippet kan konvertere til fastrentelån. Samtidig har Helse Vest driftskreditt med flytande rente. Dette gjer at Helse Vest likevel kan velje å binde renta utan å komme i konflikt med finansstrategien.

Forskjellen mellom flytande og fast rente (5 års binding) er på 0,84% i favør av flytande rente. Dette utgjer om lag kr 4,8 mill for dei 3 aktuelle låna. Samtidig er det høg risiko for at renta vil auke dei kommande åra. Spørsmålet er da om ein skal ta ein kortsiktig gevinst eller om ein skal prioritere stabile føresetnader.

Helse Vest har i avveginga mellom muligheita for kortsiktig gevinst og stabile føresetnader fram til no valt å binde renta på dei lån som er konverterte til langsiktig lån før 31/12-2009. Låna som blei konverterte pr. 1/1-2010 har hatt flytande rente 1. halvår 2010 og deretter fast rente. Det vil alltid vere ei usikkerheit knytt til renteutviklinga framover. Samtidig ser ein at den flytande renta historisk sett har vore lågare enn fastrenta i fleire periodar.

Med dei nye berekningane som blei gjort på pensjonskostnaden i 2010 går nå Helse Vest inn i 2011 med ein høgare driftskreditt enn det som ville vore situasjonen dersom denne endringa ikkje vart gjort. Alle forhold tilseier at dette forholdet vil slå tilbake dei næraste åra og at kassekreditten då vil vere tilnærma null. For ikkje å komme i konflikt med finansstrategien er det difor viktig at delar av investeringslåna blir vurderte i forhold til flytande rente.

Helse Vest har etter ei samla vurdering valt flytande rente på dei 3 låna som var aktuelle å gjere ei vurdering i forhold til rentebinding.

Slettet: n

Administrerende direktør vil informere styret i Helse Vest om dei disposisjonane som blir gjort i samband med framtidig rentebinding.

Slettet: f